

UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2023/15194

Fakultetsstyresak: **32**

Møte: 7. desember 2023

Fakultetets utfyllende regler til Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

Bakgrunnsdokumenter

- [Ny forskrift om studium ved Universitetet i Bergen \(gjelder fra 1.1.24\)](#)
- [Dagens utfyllende regler ved fakultetet](#)
- [Rapport fra arbeidsgruppen som utarbeidet ny forskrift ved UiB](#)

Saken gjelder

Universitetsstyret ved UiB vedtok 15. juni 2023 en ny studieforskrift for UiB som gjelder fra 1. januar 2024. På bakgrunn av dette ble fakultetene bedt om å gå gjennom sine utfyllende regler, for å sikre at regelverkene er forankret i den nye forskriften. Den nye forskriften er i hovedsak videreført og forenklet, men det er også innført enkelte endringer.

Fakultetet har på bakgrunn av den nye forskriften laget et forslag til nye utfyllende regler ved fakultetet. Tidligere har fakultetet hatt to sett med utfyllende regler, *Utfyllende regler for gradsstudier* og *Eksamensreglement*. I forslaget er disse slått sammen og har samme disposisjon som UiB sin forskrift. I tråd med den nye forskriften har fakultetet ønsket å bruke klart språk, og har tatt ut elementer som kan ivaretas i retningslinjer eller på nettsider/skjema.

Fakultetet sendte forslag til utfyllende regler på høring til instituttene og Realistutvalget. I høringsbrevet ba fakultetet om innspill på noen hovedpunkt, og dette saksforelegget gjør rede for de tre viktigste punktene.

Tidlig eksamen

UiB gjør noen endringer i studenters rettigheter til eksamen i den nye forskriften. Forskriften fastslår §5-6 (2) *at studenter som har gyldig fravær fra eksamen har rett til ny eksamen (kontinuasjoneksamen). Kontinuasjoneksamen skal holdes så tidlig som mulig, og har som formål at studenten kan opprettholde studieprogresjonen.* I tillegg fastslår § 8-4 *at når det blir holdt kontinuasjoneksamen for studenter med gyldig fravær kan alle studenter med avbrudd eller ikke bestått resultat fra før melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjoneksamen.*

På bakgrunn av dette foreslår fakultetet å beholde regelen om at alle skriftlige og muntlige eksamener skal ha tidlig eksamen for alle studenter (som har gyldige obligatoriske aktiviteter). Bakgrunnen for dette forslaget er at fakultetet anser det som viktig at studentene kan opprettholde sin progresjon. Studenter har uansett rett til 3 eksamensforsøk i et emne. For mange emner vil det innebære mer arbeid å motta og å behandle søknader fra studenter som har vært syk, har avbrutt eksamen eller har strøket, enn å ha eksamen som er åpen for alle med gyldige obligatoriske aktiviteter.

De fleste institutt var positive til å beholde tidlig ordinær eksamen, og regelen er derfor videreført.

Undervisningsspråk

§ 6-4 Undervisningsspråk er endret. Tidligere var det et krav til at alle emner på 100-nivå skal undervises på norsk, dette er nå endret til: *Undervisninga på obligatoriske emne på eit bachelorprogram skal som hovudregel vere på norsk. Unntak krev fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.*

For fakultetet sin del vil det innebære at flere 200-tallsemner må undervises på norsk. Dette er ikke nødvendigvis ønskelig, både med tanke på innvekslingsstudenter og fordi 200-tallsemner også brukes på masternivå. Det vil være mulig å søke unntak for denne regelen til fakultetet. Søknaden skal ha en faglig begrunnelse, for eksempel at et av læringsutbyttene på bachelorprogrammet er at studentene lærer seg både norsk og engelsk fagspråk.

Fakultetets forslag til utfyllende regel er: *Bachelorprogram kan søke til fakultetet om å ha undervisning på engelsk i ein del av 200-tallsemna, til dømes fordi læringsutbytteskildringa på programmet visar at studentane skal lære seg engelsk fagspråk. Søknad om unntak på emne krev fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.*

Selvstendig arbeid i bachelorgraden

Det er presisert i § 10-3 at i en bachelorgrad skal det inngå et selvstendig arbeid på minst 10 studiepoeng. UiB har endret forskriften fra *"ett eller flere selvstendige arbeid som til sammen har et omfang på minst 10 studiepoeng"* til *"inkluderer eit sjølvstendig arbeid på minst 10 studiepoeng."* Fakultetet har meldt til jurist at dette er en faktisk endring i krav til bachelorgrader, og har fått tilbakemelding om at det ikke var intensjonen. Det vil derfor komme et forslag om endring på dette punktet i UiB forskriften, for eksempel at ordet «normalt» blir lagt til. Fakultetet foreslår en utfyllende regel: *Det fremgår av bachelorprogrammets studieplan hvilket emne eller hvilke emnedeler som utgjør det selvstendige arbeidet.*

I vedlegget er ny UiB-forskrift i oransje tekst, mens forslag til fakultetets utfyllende regler er i sort tekst. Det er kun tatt med punkter fra forskriften der fakultetet har utfyllende regler. Forskriften i sin helhet kan leses i lenken under bakgrunnsdokumenter.

Vedtak

Fakultetsstyret vedtar fakultetets utfyllende regler til Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen.

22. november 2023/BIG

Gunn Mangerud
dekan

Vedlegg:

1. Fakultetets utfyllende regler til Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

I vedlegget er ny UiB-forskrift i oransje tekst, mens forslag til fakultetets utfyllende regler er i sort tekst. Det er kun tatt med punkter fra forskriften der fakultetet har utfyllende regler.

Kapittel 1.

§ 2-3 Emne

- (1) Eit emne er den grunnleggande studieeininga.
- (2) Kvart emne skal ha ei emneskildring som inneheld:
 - a) namnet til emnet,
 - b) talet på studiepoeng,
 - c) eventuelle forkunnskapskrav,
 - d) mål og innhald,
 - e) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studenten skal tileigne seg (læringsutbyteskildring),
 - f) undervisningssemester, -former, -omfang og -språk, og andre læringsaktivitetar
 - g) obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar,
 - h) eksamensform og -semester, og vurderingsuttrykk og
 - i) andre særskilde reglar for emnet dersom dei finst, til dømes avgrensing i tilgang til undervisning, hjelpemiddel og formelle krav til eksamen.

Utfyllande regler til §2-3 (2) i)

I tillegg må det i emneskildringa stå:

- Rangeringsreglar for undervisningsopptak til emne jf. Utfyllande reglar til §6-5(4).
- Avgrensing i tilgang til rettleiing eller undervisning for studentar som tidlegare har delteke i emnet

(3) Talet på studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og verken omsynet til studentane sin valfridom eller ønske om tverrfaglege studium gjer det utilrådeleg.

Utfyllande regler til §2-3 (3)

Ved fakultetet har alle emne på 100- og 200-nivå normalt eit omfang av 10 studiepoeng. Emne på 300-nivå er normalt på 5, 10 og 15 studiepoeng.

Kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

§ 3-1 Oppretting, nedlegging og endring

- (1) Universitetsstyret sjølv opprettar og legg ned studieprogram på over 60 studiepoeng.
- (2) Fakultetet sjølv opprettar og legg ned:
 - a) årsstudium,
 - b) studieretningar og
 - c) emne.

(3) Vesentlege endringar i studieprogram ved eit fakultet må godkjennast av universitetsstyret. Endringar som i realiteten inneber oppretting eller nedlegging av eit heilt fagområde blir alltid rekna som vesentlege.

(4) Fakultetet sjølv vedtar andre endringar i studieprogramma, studieretningane og emna.

Utfyllande regler til §3-1 (5)

Endringar i studieprogram og innhald i emne som fakultetet skal vedta skal handsamast i

programstyret for å sikre samanheng mellom innhald i emne og studieprogram, og det samla læringsutbyttet på programmet.

(5) Vedtak etter andre og fjerde avsnitt som gjeld studieprogram og -retningar skal rapporterast til universitetsdirektøren.

(6) Organet som legg ned eit studieprogram, ei studieretning eller eit emne skal vedta ei overgangsordning for undervising og eksamen. Studentar på slike studieprogram skal få høve til å fullføre studiet i samsvar med overgangsordninga.

Utfyllande regler til §3-1 (6)

- a) Alle studieplanendringar skal meldast til fakultetet innan fastsett frist. Institutta er ansvarleg for å varsle alle aktuelle institutt i forkant av endringar.
- b) Instituttet skal varsle studentane om endringar i emnetilbod og andre vesentlege endringar i studieplanen for det aktuelle studieprogrammet etter at dei er vedteke.

(7) Mindre endringar i eksisterande studieprogram, studieretningar og emne kan delegerast til organet som er ansvarleg for programmet (programstyret).

Utfyllande regler til §3-1 (7)

Instituttet kan sjølv vedta redaksjonelle endringar i emne og studieprogram etter fakultetet sine retningslinjer.

Kapittel 4. Studierett

§ 4-1 Opptak til studium

(1) Fakultetet har ansvaret for opptaket. Ansvaret kan delegerast til Studieavdelinga og Samordna opptak. Opptaket er regulert i [Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen](#).

Utfyllande regler til § 4-1 (1)

Fakultetet kan gje avslag på søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten sine rettleiingsressursar på studieprogrammet er uttømde.

§ 4-2 Studierett

(1) Studentar som er tatt opp ved Universitetet i Bergen har studierett på det studieprogram eller dei emna som opptaket gjeld. Dette gir rett til:

- a) å melde seg til undervising og følge henne, få rettleiing mv., i samsvar med emneskildringa og studieplanen,
- b) å nytte andre ressursar, i samsvar med emneskildringa og studieplanen,
- c) tilgang til lokale, lesesalar mv., i samsvar med fakulteta sine reglement,
- d) eksamen i samsvar med kapittel 7 og
- e) individuell utdanningsplan, jf. § 4-6.

(2) Kortvarige studierettar som ikkje er knytte til eit studieprogram gir studenten rett til å undervisings- og eksamensmelde seg til utvalde emne i eitt eller to semester.

Utfyllande regler til §4-2(2)

Fakultetet har ulike kortvarige studierettar det kan søkast om. I dei tilfella der det er krav om realfag skal dette stå i retningslinene.

- (1) Studentar med oppnådd grad ved fakultetet kan søkje om poststudierett. Det er ulike reglar for tildeling etter bachelorgrad, mastergrad og ph.d:
 - a. Poststudierett etter fullført bachelorgrad må søkjast om innan frist for påfølgjande semester etter oppnådd grad og vert innvilga til og med påfølgjande vårsemester. Studieretten kan ikkje forlengast.
 - b. Poststudierett etter fullført mastergrad og ph.d søkjast om eitt semester om

- gangen, og kan bli forlenga ved å søkje nytt opptak om poststudierett.
- (2) Studierett for tilsette vert innvilga for tilsette ved UiB og samarbeidsorganisasjonar. Det er dokumentasjonskrav om realfag og stadfesting frå næraste leiar. Studierett vert tildelt for eitt semester om gongen.
 - (3) Lærarstudierett vert innvilga for fast tilsette lærarar i skulen. Det er dokumentasjonskrav om realfag og stadfesting frå næraste leiar. Studierett innvilgast for eitt semester om gongen.
 - (4) Mellombels studierett kan verte innvilga for studentar ved andre fakultet. Det er dokumentasjonskrav om realfag. Studierett vert innvilga for eitt semester om gongen.
 - (5) Kandidatar på ph.d.-program ved andre norske institusjonar kan ta emne som ekstern hospitant. Ekstern hospitering på bachelor- og masternivå vert innvilga berre i særskilte høve der det føreligg avtale med eit anna universitet eller høgskule om dette. Ei slik avtale kan lagast både på institusjons- og personnivå.
 - (6) Studierett for elevar kan verte innvilga etter søknad. Det er eigne dokumentasjonskrav avhengig av emne. Studierett vert innvilga for eitt semester om gongen.

§ 4-3 Forventingane og pliktene til studenten

- (1) Studenten er forventa å:
 - a) oppfylle krav til akademisk redegheiteit og integritet,
 - b) delta i undervisinga,
 - c) aktivt medverke i sin eigen studiekvardag og den akademiske fellesskapen,
 - d) setje seg inn i universitetet sine reglar og retningslinjer,
 - e) halde seg oppdatert på kunngjeringar på program- og emnesidene på UiB sine digitale læringsplattformer, og på epostar frå universitetet og
 - f) aktivt medverke i student- og universitetsdemokratiet.
- (2) Studenten pliktar å:
 - a) delta i eventuelt obligatorisk studiestartsmøte,
 - b) semesterregistrere seg,
 - c) betale eventuell studieavgift og
 - d) kvart semester oppdatere og stadfeste utdanningsplanen.
- (3) Fristen for andre avsnitt bokstav b og d er høvesvis 1. september og 1. februar.

Utfyllande reglar til §4-3(2) b)

Fakultetet har undervisingsoptak og eigen frist for emnepåmelding. Søknadsfrist for emne er onsdag i veke 2 i vårsemesteret og onsdag i veke 33 i haustsemesteret. Sjå og utfyllande reglar til §6-5(4).

- (4) Brot på pliktene i andre avsnitt kan føre til tap av studieretten, sjå § 4-5.
- (5) Studenten må stille med berbar datamaskin til bruk i undervising og eksamen.

Kapittel 5. Tilpassing av studia og frávær

§ 5-1 Søknad

- (1) Fakultetet handsamar søknader om:
 - a) permisjon,
 - b) pause frå studia,
 - c) deltidstudium,
 - d) utsett studiestart,
 - e) andre endringar i studieprogresjonen jamført med utdanningsplanen,
 - f) tilrettelegging av studia,
 - g) gyldig frávær og
 - h) godkjenning av tidlegare utdanning og realkompetanse.
- (2) Fakultetet kan vedta utfyllande reglar om deltidstudium og utsett studiestart.

Utfyllande regler til 5-1 (2)

For 2-årige masterprogram og på masterdelen i 5-årige masterprogram kan deltidsstudium innvilgast inntil 3 månader før avtalt innleveringsfrist. For masterprogram med oppgaver på 30 studiepoeng er deltidsstudium berre mogleg for pensumdelen. Det er normalt ikkje mogleg å innvilge deltidsstudium på ei masteroppgåve på 30 studiepoeng. Det kan gjelde andre reglar for lektorutdanninga.

(3) Avgjersle etter første avsnitt bokstav d, og bokstav f og g som gjeld saleksamen, kan delegerast til Studieavdelinga.

§ 5-3 Pause frå studia

(1) Studentar på bachelorprogram, integrerte masterprogram og profesjonsstudia har rett til pause frå studia utan grunngiving i to semester.

(2) Pause inneber at studieretten knytt til det aktuelle studieprogrammet blir suspendert. Pause blir innvilga for eitt eller to semester om gongen og studieretten blir utvida tilsvarande i tid.

(3) Fakultetet kan i utfyllande reglar vedta at:

- a) inntil 60 studiepoeng må vere oppnådde før studenten får pause frå studia og
- b) retten til pause frå studia ikkje gjeld dei fire siste semestera på integrert masterprogram

Utfyllande regler til 5-3 (3)

Med mindre noko anna er regulert i studieplanen for det aktuelle studieprogrammet er det ikkje mogleg å søke om pause frå studieprogrammet

- a) før 60 studiepoeng er oppnådd eller
- b) dei fire siste semestera på integrerte masterprogram

(4) Retten til pause frå studia gjeld ikkje for studentar på studieprogram i utøvande og skapande kunst, musikk og design.

(5) Søknadsfristen for søknader etter denne føresegna er ved fristen for semesterregistrering.

§ 5-6 Rettar ved gyldig fråvær

(1) Studentar med gyldig fråvær frå obligatorisk undervisningsaktivitet har rett til ny gjennomføring før eksamen i emnet, dersom det er praktisk mogleg og ikkje inneber ein uforholdsmessig byrde for fakultetet.

Utfyllande regler til §5-6 (1)

Undervisningsaktivitet som inneber praksis, feltkurs, tokt o.l. er som regel ikkje praktisk moglege å gjennomføre same semester, og kan som hovudregel ikkje gjennomførast på nytt same semester.

(2) Studentar med gyldig fråvær frå førre vanlege eksamen i eit emne har rett til ny eksamen (kontinuasjoneksamen). Kontinuasjoneksamen skal haldast så tidleg som råd og har som føremål at studenten kan oppretthalde studieprogresjonen trass i sjukdom mv.

(3) Kontinuasjoneksamen kan innebere utsett leveringsfrist, ny eksamensdato og andre tiltak som sikrar føremålet.

(4) Fakultetet fastset nærare reglar om kontinuasjoneksamen i utfyllande reglar og/eller emneskildringa. Fakultetet kan vedta at kontinuasjoneksamen skal skje på eit bestemt tidspunkt for einkilde studieprogram og emne, dersom omsynet til studentane sin samla progresjon talar for det. Fakultetet kan vedta at retten til kontinuasjoneksamen etter andre

avsnitt ikkje gjeld for studentar som allereie har bestått resultat i emnet.

(5) Gyldig fråvær til eksamen tel ikkje som forsøk, jf. § 8-2.

Kapittel 6. Undervisinga

§ 6-1 Studieåret

(1) Studieåret er på ti månader og delt inn i eit haust- og eit vårsemester.

(2) Undervising og eksamen i eit emne skal gjennomførast innanfor det semesteret det høyrer til. Fakultetet kan gjere unntak i studieplanar for studieprogram der undervisinga er organisert i bolkar.

(3) Det er undervisings- og eksamensfri

- a) frå 23. desember til 2. januar
- b) på heilagdag.

(4) Det kan gjerast unntak frå tredje avsnitt for konsertar, utstillingar, tokt, feltarbeid, praksis og liknande, inkludert førebuingar.

(5) Heimeeksamen skal normalt ikkje gå over heilagdag. Dersom heimeeksamen går over heilagdag, skal lengda forlengast tilsvarande.

(6) Det er undervisings- og eksamensfri mellom semestera, med mindre faglege omsyn talar for det motsette. Likevel slik at desse aktivitetane kan gjennomførast mellom semestera:

- a) undervising og eksamen i samband med forkurs som kvalifiserer for studieprogram,
- b) språkkurs,
- c) feltarbeid,
- d) praksis,
- e) vidareutdanning og
- f) kontinuasjonseksamenar, jf. § 5-6 (2).

(7) Litteraturlister og timeplanar for emna skal publiserast på universitetet sine nettsider innan 1. juli for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

Utfyllande regler til §6-1 (7)

Eksamens- eller innleveringsdato for andre eksamensformar enn skriftleg skuleeksamen vert fastsett av institutta.

1. Eksamens- eller innleveringsdatoar kunngjerast seinast ein måned før eksamensdato eller innleveringsfrist.
2. Ved munnleg eksamen kunngjerast individuell dato og tidspunkt seinast 14 dagar før eksamen.

§ 6-4 Undervisingspråk

Undervisinga på obligatoriske emne på eit bachelorprogram skal som hovudregel vere på norsk. Unntak krev fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

Utfyllande regler til §6-4

Bachelorprogram kan søke til fakultetet om å ha undervising på engelsk i ein del av 200-tallsemna, til dømes fordi læringsutbytteskildringa på programmet visar at studentane skal lære seg engelsk fagspråk. Søknad om unntak på emne krev fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

§ 6-5 Tilgang til undervisning

(1) Undervisninga ved Universitetet i Bergen er i utgangspunktet offentleg.

(2) Undervisningslokala og UiB sine digitale læringsplattformer skal vere universelt utforma, jf. [likestillings- og diskrimineringsloven §§ 17 og 18](#).

(3) Høvet til å følge undervisninga i eit emne kan avgrensast heilt eller delvis til studentar som er tatt opp på eit studieprogram eller eit einskild emne, dersom det er naudsynt på grunn av undervisninga sin art, eller det er fastsett studieavgift for emnet.

(4) Fakultetet kan setje tak på talet på studentar på eit emne dersom faglege, pedagogiske eller organisatoriske grunnar tilseier det. Slike avgrensingar skal gå fram i emneskildringa. Fakultetet vedtar utfyllande reglar om rangering av studentar.

Utfyllande regler til §6-5 (4):

Rangeringsreglar for undervisningsopptak til emne skal gå fram i emneskildringa. Dersom ikkje anna er oppgitt, rangerast opptak etter poeng.

- (5) Fakultetet kan vedta andre avgrensingar av tilgangen til undervisning for studentar som:
- tidlegare har følgd undervisninga og er innanfor perioden skildra i § 6-6 (3),
 - har bestått resultat i emnet eller
 - allereie har fått rettleiing i emne som gjeld bachelor- eller masterprosjekt.

Utfyllande regler til §6-5 (5)

Fakultetet kan i emneskildringa angi at studentar som:

- har gyldige og godkjente obligatoriske aktivitetar ikkje skal kunne ta dei på nytt
- har bestått resultat i eit emne ikkje har rett til å delta i undervisning i emnet, få rettleiing, eller skal ha eit redusert rettleiingstilbod.

§ 6-7 Særskild om bachelor- og masteremne

(1) Studenten har rett til rettleiing i samband med bachelor- og masterprosjekt.

(2) Fakultetet regulerer forma og omfanget av rettleiing i samband med bachelor- og masterprosjekt i:

- eigen kontrakt mellom rettleiar, student og representant for fakultetet, og/eller
- studieplanen og emneskildringa.

Utfyllande regler til §6-7 (2):

Bachelorprosjekt:

Form og omfang av rettleiing for bachelorprosjekt skal vere definert i studieplan og emneskildringa.

Masterprosjekt:

Heiltidsstudentar har rett til 40 rettleiingstimar i løpet av eit 2-årig masterprogram eller masterdelen av eit 5-årig masterprogram. Form og omfang av rettleiing for masterprosjekt skal vere definert i eigen rettleiingsavtale.

Studentar tatt opp på 2-årige og 5-årige masterprogram skal inngå ein rettleiingskontrakt med instituttet. I denne skal det stå samansetning av rettleiingskomité, innhald i det teoretiske pensum, planlagt studieprogresjon og tidsfrist for innlevering. Ein framdriftsplan og prosjektskildring skal inngå i avtala.

Dersom ein student ved opptak til 2-årig masterprogram eller i masterdelen av 5-årig masterprogram får godkjent allereie avlagde emne som del av mastergradpensumet, skal studiet forkortast. Dersom ein student får innvilga periodar med deltid eller permisjon i løpet av masterstudiet, skal studiet forlengast. Forlenging og forkorting tek utgangspunkt i normert tid for emna som står att eller som vert tatt inn i pensum. Fakultetet har eigne retningslinjer for

forlenging og forkorting.

Kapittel 7. Eksamen

§ 7-2 Form

- (1) Fakultetet fastset eksamensforma i emneskildringa. Eksamensoppgåva skal utformast med utgangspunkt i læringsutbyttet i emnet.

Utfyllande regler til §7-2 (1)

- (1) Det er ikkje høve til å gje ulik eksamensform til eit utval av studentar.
- (2) Tidleg eksamen skal som hovudregel ha same eksamensform som avsluttande eksamen i semester med undervising. Det skal stå i emneskildringa dersom emnet har undervisings- og vurderingsform som gjer at det ikkje er mogleg med same vurderingsform i begge semestera.

- (2) Eksamen kan vere éin del, eller vere oppbygd av fleire delar (deleksamen). I sistnemnde tilfelle skal delane vere vekta etter ein på førehand fastsett brøk.

- (3) Mappevaluering er samansett av fleire arbeid. Sensuren kan gjerast på grunnlag av heile mappa eller utvalde arbeid. Emneskildringa skal fastsetje korleis eit eventuelt utval av arbeida skal gjerast.

(4) Alle eksamensarbeid kan supplerast med ein justerande munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen for alle eller eit utval av studentane. Justerande eksamen inneber at studenten blir prøvd etter at ein førebels karakter er sett, med høve til å bli justert opp eller ned med éin karakter.

Utfyllande regler til §7-2 (4)

Ei masteroppgåve skal avsluttast med munnleg mastergradseksamen. Eksamen i heile masterpensumet må vere fullført og bestått før avsluttande mastergradseksamen. Denne eksamen består av ein offentleg presentasjon på minimum 30 minuttar der studenten sjølv gir ei oversikt over oppgåva. Det skal vere satt ein tentativ karakter på oppgåva før presentasjonen. Etter presentasjonen følgjer ein munnleg eksaminasjon/samtale om oppgåva med ekstern sensor, intern sensor eller medlemmar frå eksamenskommissjonen og rettleiarar. Presentasjonen kan saman med den påfølgjande munnlege eksaminasjonen vere justerande på den endelege karakteren på oppgåva.

(5) Ei mappevaluering har ikkje bestått resultat om ikkje alle arbeida er leverte. Det same gjeld for delane i ein deleksamen. Fakultetet kan vedta utfyllande reglar som gir unntak frå dette, til dømes ved gyldig frávær knytt til ein del eller eit arbeid.

Utfyllande regler til §7-2 (2-5)

- (1) Ved gyldig frávær kan delar av eksamen/mappe gå ut, og total karakter vert rekna ut frå resten av dei resterande delane. Maksimal del som kan gå ut er 30%, og må vurderast for kvart enkelt emne.
- (2) Karakter frå deleksamen eller poeng frå del av mappe gjeld normalt i eitt påfølgjande semester, og kan seinare inngå i endeleg karakter.
- (3) Endeleg karakter i semester utan undervising vert fastsett normalt ut frå tidleg eksamen i semester utan undervising/kontinuasjonsseksamen og tidlegare resultat i deleksamen/mappe frå semesteret med undervising
- (4) Fakultetet kan vedta unntak frå (1)-(3) og desse må nemnast i emneskildringa.

§ 7-3 Rett til eksamen

- (1) Studenten har rett til eksamen i emne hen har meldt seg til, dersom hen har etterlevd pliktene i § 4-3 (2), og har fått godkjent alle obligatoriske undervisningsaktivitetar, jf. §6-6.

(2) Fakulteta kan vedta utfyllande reglar om tvungen eksamensmelding i emne som etter utdanningsplanen skal fullførast på eit bestemt tidspunkt. Det same gjeld studentar på vidareutdanningsemne.

(3) Alle har rett til eksamen som privatist i eit emne som ikkje har obligatoriske undervisningsaktivitetar eller studieavgift, så lenge vedkomande oppfyller opptakskrava.

Utfyllande regler til §7-3 (3)

Det er eit vilkår for å kunne ta eksamen og få sensur at eksamensavgift er betalt.

(4) Studentane sine rettar og pliktar i dette kapittelet gjeld tilsvarande for privatistar der dei passsar. Fakulteta vedtar avgift for privatistar.

§ 7-4 Gjennomføring av eksamen

(1) Så langt reglane høver med eksamensforma pliktar studentane å:

- a) svare i samsvar med dei formelle krava til eksamenen som står i eksamensoppgåva og emneskildringa,
- b) følge eksamensreglementet til fakultetet,
- c) ikkje nytte anna enn lovlege hjelpemiddel,
- d) legitimere seg på eigna måte,
- e) levere eksamenssvaret innanfor fristen og ikkje forstyrre andre og å rette seg etter meldingar frå eksamensvaktene

Utfyllande regler til §7-4 (1) c)

Tillate hjelpemiddel skal vere angitt for kvart enkelt emne i emneskildringa.

Om kalkulator er tillaten gjeld følgande:

- (1) Enkel kalkulator: Ikkje-programmerbar kalkulator utan høve til sending/mottak, tilkopling til straumnett eller som avgjer støy.
- (2) Alle kalkulatorar: Alle typar kalkulatorar utan sending/mottak, tilkopling til straumnett eller som avgjer støy

Dersom ikkje anna er angitt i emneskildringa, er bruk av ikkje-ensyklopediske ordbøker tillaten på skriftleg skuleeksamen. Ordbøkene må være kontrollerbare, dvs. på engelsk eller skandinavisk språk.

(2) Fakultetet sjølv kan vedta utfyllande reglar for gjennomføringa av eksamen («eksamensreglement»). Studentane skal informerast om eksamensreglementa, og desse skal også vere lett tilgjengelege.

- (1) Studentane skal få 15 minutt til å ordne tekniske aspekt ved leveringa på alle digitale saleksamenar («teknisk tid»), til dømes opplasting av dokument.

Kapittel 8. Eksamensforsøk

§ 8-1 Talet på forsøk

(1) Studentar har tre eksamensforsøk i kvart emne. Avgrensinga gjeld sjølv om emnet har skifta namn eller emnekode, og sjølv om studenten har fått nytt opptak.

(2) Bachelor- og masterprosjekt utan bestått resultat kan leverast på nytt éin gong. Bachelor- og masterprosjekt med bestått resultat kan ikkje leverast på nytt.

Utfyllande regler til §8-1 (2)

Masteroppgåver som ikkje er levert innan fristen kan ikkje leverast på nytt.

(3) Fakultetet kan i emneskildringa eller i utfyllande regelverk vedta at det ikkje er høve til meir enn to eksamensforsøk i emne som

- a) inneber praksis,
- b) inneber feltarbeid,

- c) inneber tokt eller
- d) er utøvande eller skapande.

(4) Fakultetet:

- a) kan i utfyllande reglar vedta unntak frå hovudregelen om tre forsøk for studentar som allereie har bestått resultat i emnet,
- b) kan gjere unntak i einskildtilfelle etter søknad frå studenten,
- c) skal fastsetje innleveringsfrist for ny levering av bachelor- og masterprosjekt utan bestått resultat etter andre avsnitt. Fristen kan ikkje vere kortare enn tre månader frå sensuren er kunngjort og ikkje lengre enn eitt år frå den opphavlege fristen og
- d) skal etter søknad tillate ny levering av bachelor- og masterprosjekt etter utestenging som følge av fusk, med mindre fusket er av ein karakter som gjer det umogleg. Fakultetet skal sjå til at fusket er retta opp. Studenten kan ikkje levere før etter utestengingsperioden er over, jf. [universitets- og høgskulelova § 4-8 \(3\)](#).

Utfyllande regler til §8-1 (4) a

- (1) Det skal etter søknad verte gitt eitt ekstra eksamensforsøk viss alle tre kriterium er oppfylt:
 - a. Emnet er ikkje bestått
 - b. Tre teljande forsøk er brukt
 - c. Emnet er obligatorisk i graden eller valbart obligatorisk
- (2) Det er ikkje høve til å ta eksamen i eit emne for femte gong.

§ 8-4 Kontinuasjoneksamen

(1) Når det blir haldt kontinuasjonseksamen for studentar med gyldig fråvær, jf. § 5-6 (2), kan alle studentar med avbrot eller ikkje bestått resultat frå førre vanlege eksamen melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjonseksamen.

Utfyllande regler til §8-4 (1)

- (1) For emne der skriftleg saleksamen eller munnleg eksamen inngår i vurderingsgrunnlaget skal det normalt haldast ein ordinær eksamen kvart semester.
- (2) I semester utan undervising i eit emne arrangerast eksamen tidleg i semesteret.
- (3) Uregelmessige emne har eksamen berre i det påfølgande semesteret etter at dei er undervist.
- (4) Eksamen tidleg i semester utan undervising er normalt ordinær, og er open for alle studentar med gyldige obligatoriske aktivitetar.

(2) Første avsnitt gjeld med dei avgrensingane følger av § 7-3 og føresegnene i kapitelet her.

Kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk

§ 9-5 Sensurfristar

(1) Vanleg sensurfrist er første kvardag tre veker etter vurderinga blei avslutta, i samsvar med [universitets- og høgskulelova § 3-9 \(4\)](#).

Utfyllande regler til §9-5 (1)

Sensurfrist på emne med sein eksamen er 30. juni i vårsemesteret og 10. januar i haustsemesteret, sjølv om dette er mindre enn tre veker etter eksamen.

(2) Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist av universitetsstyret.

(3) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamenssvara til klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følger for fleire eller alle sensurklagane skal reknast som grunna opphald.

§ 9-8 Sensorane

(1) Fakultetet utnemner sensorar.

Utfyllande regler til § 9-8 (1)

Forvaltningslova si føresegn om habilitet (§6) gjeld ved sensur. For masteroppgåver skal sensor ikkje:

- vere i nær relasjon til masterkandidat, rettleiar eller medsensor
- ha tett fagleg samarbeid dei siste tre år med masterkandidat, rettleiar eller medsensor
- kjenne til andre forhold som kan svekke habiliteten i vurderinga

(2) I desse tilfella krevst det minst to sensorar:

- a) munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen der minst ein av sensorane som regel skal vere eksterne,
- b) sensur av masterprosjekt, der minst ein av sensorane må vere ekstern og
- c) klagesensur, der minst ein av sensorane må vere ekstern.

(3) Fakultetet kan i utfyllande reglar setje eigne reglar for talet på sensorar, så lenge dei er strengare enn første avsnitt. Dersom det ikkje er ekstern sensor på munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen, må ordninga godkjennast av fakultetet basert på ekstern fagfelle si evaluering av vurderingsordninga.

Utfyllande regler til §9-8 (3)

For munnleg eksamen skal det vere minst to sensorar. Det er ikkje krav til ekstern sensor på munnleg eksamen der eksamen utgjer mindre enn 30 % av den endelege karakteren. I tilfelle der det ikkje er mogleg å finne fagleg kvalifisert ekstern sensor kan det vert gitt unntak i emne på 100-, 200- og 300-nivå og ph.d.-nivå, og spesialpensum for enkeltstudentar til ph.d., master, fellesgrad eller ERASMUS-prosjekt o.l. I slike tilfelle skal programstyret nemne opp ein intern sensor som ikkje var med i undervisninga av emnet og som er vurdert som fagleg kvalifisert og uhilda.

(4) Som ekstern sensor etter andre avsnitt reknar ein den som ikkje er tilsett i hovud- eller bistilling ved UiB på sensurtidspunktet og som heller ikkje har deltatt i undervisninga på emnet det aktuelle semesteret.

Kapittel 10. Grader

§ 10-3 Samansetjing av bachelorgrad

(1) Bachelorgrada blir tildelt på grunnlag av treårige studieprogram (180 studiepoeng), med desse minstekrava:

- a) examen philosophicum, 10 studiepoeng og
- b) spesialisering, minst 90 studiepoeng som inkluderer eit sjølvstendig arbeid på minst 10 studiepoeng. Kravet om sjølvstende er ikkje til hinder for at fakultetet kan fastsetje i emneskildringa at to eller fleire studentar kan eller skal samarbeide om eit bachelorprosjekt.

Utfyllande regler til §10 (1) b

Det kjem fram av bachelorprogrammet sin studieplan kva for emne eller emnedelar som utgjer det sjølvstendige arbeidet.

(2) Bachelorgrader i utøvande og skapande kunst, musikk og design er på 180 eller 240 studiepoeng. Dei blir tildelt på grunnlag av samansetjing vedtatt av fakultetet for kunst, musikk og design.

Utfyllande regler til §10-3

I bachelorgraden kan det inngå emne på 100- og 200-nivå. Normalt kan inntil 10

studiepoeng på 300-nivå (masternivå) frå UiB inngå i bachelorgraden. Inntil 20 studiepoeng på 300-nivå kan inngå etter søknad. Enkelte eksterne emne på masternivå kan etter individuell søknad inngå i bachelorgraden.

For å oppnå ein bachelorgrad er det krav om minst eitt emne i matematikk og eitt emne i programmering i graden, normalt med eit omfang på 10 studiepoeng. Dette er i tillegg til dei generelle krava til en bachelorgrad. Krava skal fastsettast i studieplanen.

§ 10-4 Samansetjing av mastergrad

(1) Universitetet i Bergen gir mastergrader med den normerte studietida som går fram i [forskrift om grader og beskyttede titler § 3 nr. 5 til 7](#). Samansetjinga skal vere i samsvar med [Forskrift om krav til mastergrad §§ 3 til 7](#).

Utfyllande regler til § 10-4 (1)

Emne på 100-nivå kan normalt ikkje inngå i mastergraden. Inntil 10 studiepoeng på 100-nivå kan inngå etter søknad.

Godskriving av formidling: Inntil 5 studiepoeng kan verte gitt for formidling i masterstudiet.

Aktivitetar som kan verte kreditert er:

- Kurs i kunnskapsformidling
- Deltaking på internasjonale konferansar med presentasjon av resultatata frå eigen masteroppgåve. Det vert gitt 2 studiepoeng for presentasjon ved internasjonal konferanse. Det vert berre gitt studiepoeng for éin slik presentasjon.
- Populærvitskapeleg bidrag innan eiga felt. Det gis inntil 2 studiepoeng pr bidrag, og maksimalt 2 studiepoeng.

Antal studiepoeng vert rekna frå ECTS-standard.

(2) Graden master kan berre tildelast studentar som har fullført eit masterprosjekt.

(3) Masterprosjektet skal vere eit sjølvstendig vitskapeleg eller kunstnarisk arbeid på mellom 30 og 60 studiepoeng, utarbeidd under rettleiing. Fakultetet kan i emneskildringa vedta at to eller fleire studentar kan samarbeide om masterprosjektet.

Utfyllande regler til § 10-4 (3)

Masteroppgåva har normalt eit omfang på 60 studiepoeng. Det skal kome fram av studieplanen om eit studieprogram tilbyr masteroppgåver på 30 studiepoeng.

Ved fellesarbeid kan 2 til 3 studentar kan samarbeide om å skrive ei masteroppgåve.

- a. Avtale om fellesarbeid gjeld berre ved val av masteroppgåve på 60 studiepoeng. For studentar på lektorprogrammet kan avtale om fellesarbeid verte inngått for masteroppgåver på 30 studiepoeng.
- b. Ved felles masteroppgåve skal arbeidsomfanget for den enkelte svare til omfanget for ei oppgåve som er skrive individuelt. Større arbeidsomfang i fellesarbeid kan til dømes innebære større materialomfang eller meir omfattande analyse.
- c. Fellesarbeid skal kome fram i prosjektskissa som skal godkjennast i programstyret, og kome fram i masteravtala.
- d. Ved fellesarbeid skal det likevel vere individuell evaluering for å kunne gi kandidatane individuell karakter. Det skal i ei erklæring frå hovudrettleiar kome tydeleg fram korleis samarbeidet er gjennomført, og det individuelle bidraget må identifiserast. Det skal vere same sensurkomité som sensurerer masteroppgåva.
- e. Masteroppgåva vert i heilskap vurdert som eit felles arbeid, og begge studentane skal kunne gjere greie for alle delar av oppgåva. Studentane kan ha

felles presentasjon av oppgåva der begge bidreg likeverdig. Munnleg eksamen vert gjennomført individuelt.

- f. Ved innlevering av masteroppgåva skal studentane legge ved ei kort utgreiing frå rettleiar. Denne må innehalde informasjon om den enkelte studenten sin sjølvstendige innsats, kva delar av forskingsarbeidet og oppgåva som er individuelle, og kva delar som er felles. Informasjon om at dette er fellesarbeid skal også opplysast om i sjølve masteroppgåva.
- g. Ved fellesarbeider har rettleiarar eit spesielt ansvar om å opplyse om retningslinja. Rettleiarane skal medverke til at kvar student får best mogleg fagleg læringsutbyte av fellesarbeidet, og halde tilstrekkeleg kontakt med studentane til å kunne vurdere kvar student sin individuelle innsats i arbeidet.
- h. Søknader om utsett innlevering eller klage på karakter skal handsamast individuelt.

(4) Integrerte masterprogram skal ha krav om examen philosophicum. Masterprosjektet i eit integrert masterprogram kan vere på 20 studiepoeng, jf. Forskrift om krav til mastergrad §6 (2).

Utfyllande regler til § 10-4 (4)

For å oppnå ein integrert mastergrad er det krav om minst eitt emne i matematikk og eitt emne i programmering i graden, normalt med et omfang på 10 studiepoeng. Dette er i tillegg til dei generelle krava til ein mastergrad. Krava skal fastsetjast i studieplanen.